

Referat frå møte i samarbeidsutvalet 09.04.2025

Møtedato: Tid:	09.04.2025 18.30-19.30	
Stad:	Skogsvåg skule	Møtenr: 2/2024
Tilstade:	Kristine Andersen, Tanja Hagen, Jannicke Høyland, Mathilde Skage, Tobias , Cathrine Aase Førde, Ingrid Bildøy, Symphorien	
Fråfall:	Sjukdom elevråd	
Referent:	Cathrine	

SAKSLISTE:

Tema:	Saker:	Oppfølg.
Saker frå skule:		
Økonomi og budsjett:	<p>Krevande økonomisk situasjon i kommunen. Skulen har eit overforbruk og gjort tiltak. Skulen har gjort justeringar og omorganisert skulen for å få ned overforbruket. Vi har hatt to årsverk for mykje og har med dette klart å henta inn eit årsverk. Innkjøpa er veldig begrensa i denne perioden. Det er krevande når kutt i oppvekst skjer midt i eit skuleår. Skulen klarar ikkje hente inn meir no, det er ikkje tilsett fleire årsverk. Det var rektorskifte, ein del ting som ikkje vart justert, høgt sjukefråvær med mykje refusjon og noko på topp. Heile hausten lågt sjukefråvær, men frå januar har det vore raude tal. Viktig at ein til hausten ligg ut rett og det ein skal, vanskeleg å halde igjen når ressursane allereie er "kappa" til beinet. Det er gått ned over 4 årsverk på Skogsvåg, ikkje lågare elevtal og dette på to år. Dette gjer at skulen må tenke nytt kring spes.ped og organisering til hausten.</p>	
Utviklingsplan og kvalitetsoppfølging:	<ul style="list-style-type: none"> - Plan for framtidas skule, sjå meg. Kommunens satsingsområde: språkkommune, inkluderande spesialundervisning, nærvær og inkludering. - Skulens satsingsområde, raud tråd med overordna paraply. - Trygt og godt skulemiljø, uteskule, UNESCO, dysleksivenlegskule, også er det nokre ting som kjem naturleg inn under dette. - Trivselskalender: Fokus på planleggingsdag i 	

	<p>november med trygt og godt skulemiljø. Utarbeiding av standardar, årshjul og trivselstiltak, samt visjon. Skulen har hengt elevretta arbeid opp på skulen, visjon, trivselskalender m.m.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Inkludering og nærvær, språkkommunen - Det var ikkje MOT på skulen, men frå hausten har Skogsvåg fått vere med på DEKOMP prosjekt kor ein skal arbeide målretta med utviklingsarbeid. Skulemiljø og dysleksivenleg skule (inkludering) vert hovudfokus. 	
Saker frå FAU:		
Trafikktryggleiksplan:	FAU har meldt inn åtte punkt. Enkelte punkt er blitt meldt inn før også. FAU etterlyser svar på dette.	
Sone sør, tilbod til barn og unge, BUA:	FAU etterlyser kulturtilbod for barn og ungdom i Sone sør. Andre stader i kommunen har dette. BUA og ungdomsklubb er sterkt ønsket i sone søre. Vi treng lavterskel tilbod til alle. Symphorien tar dette vidare.	
Ferie-SFO:	FAU stiller spørsmål til Ferie-SFO-tilbodet i kommunen. Vi lurar på om det er mogleg å endre på lokasjonen til Skogsvåg. Vi meiner Skogsvåg er meir praktisk for fleire.	
Saker frå elevrådet:		
Elevrådsarbeid:	Gullhengar, gullmunn, temafredag. Veldig engasjert og aktivt elevråd.	
Busstur + bosspann:	Elevrådet ønskjer busstur og bosspann på busshaldeplassen.	
Klatrestativ på sør + grusbana:	Elevrådet ønskjer å forbetre klatrestativ og grusbane.	
Turplass med gapahuk/bålplass:	Kommunen har lova skulen ein erstatningsplass etter at Brannstasjonen vart bygd. Den plassen skulen og barnehagen hadde der forsvant under byggeprosessen og barna mista eit opparbeida tilbod.	
Klassesett med uteleiker:	Elevrådet ønskjer seg klassesett med baller ol.	
Eventuelt:	<p>Avtalen om bruk av Skogsvåg-bana sjekker rektor opp i.</p> <p>Kommunestyremøte er 5. mai. Symphorien tar dette vidare til kommunen: skulereglar, trafikktryggleiksplanen, tilbod sone sør, ferie-SFO, området bak skulen som</p>	

fylket eiger.

Symphorien oppfordrar FAU til å bidra aktivt inn mot debatt, politiske møte og ber føresette engasjere seg i det som skjer kring kutt. Det er ikkje bra at det går utover oppvekst, framtida vår. FAU vil skrive noko og engasjere fleire.